VIKE MONTESSORISKULE .... LITT DIN OGSÅ

Teikning av andelar 2025

Vike Montessoriskule blei starta opp som eit andelslag i 2003 etter at Vestnes kommunestyre valde å legge ned den kommunale skulen. Seinare er styreforma endra til samvirkeføretak og fått namnet Vike Montessoriskule SA. Eigarane er foreldre til born som går eller har gått på skulen, samt folk som har tilknyting til bygda. Skulen er bygd på Maria Montessori sine pedagogiske idear.

Styret meiner det no er tid for ei ny runde med verving av medlemmar. Det er styret sitt ynskje at alle som har born på skulen kjøper ein andel a kr 500,- og blir medeigarar. Mange foreldre er alt medlemmar, men det kjem stadig nye foreldre til som ikkje har fått tilbod om å kjøpe andelar.

Det er eit krav at alle som sit i styret for skulen eller i valkomité må vere andelseigarar.

Styret har som mål å drive skulen til beste for born og foreldre som ynskjer å gjere seg nytte av tilbodet. Heldigvis har oppslutninga om skulen vore god, og vi har klart å halde prisane på våre tenester på eit stabilt lavt nivå. Skulen har også eit SFO tilbod til ein konkurransedyktig pris.

Brevet er eit tilbod til foreldre/ føresette om å bli medeigarar i skulen.

Andelseigarar vil få tilsendt Andelsbevis.

Med vennleg helsing
for Vike Montessoriskule BA

Einar Skjegstad

Einar Skjegstad
styreleiar

Beløpet skal betalast til:
Vike Montessoriskule SA
Kontonummer: 3910 22 90643
Merk innbetalinga med Andel Vike Montessoriskule SA

Pris pr. andel, kr 500,-